

Astrid Karin Ystebø Monsen  
Robert Monsen  
Søråshøgda 39  
5235 RÅDAL

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13758 - 21/77770

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
17.11.2021

## Avslutta sak om mogeleg ulovleg tilfelle - gbnr 414/34 Soltveit

**Byggjestad:** Gbnr: 414/34  
**Tiltakshavar:** Astrid Karin Ystebø Monsen

### Saka gjeld

Oppfølging av tidlegare sak i Radøy kommune vedrørande bygningar på gbnr 414/34.

### Vurdering

Det har vore uavklarte tilhøve over lengre tid vedrørande delar av bygningsmassen på eigedommen.

#### Grillhus/hagestue

Utan å gå inn på historikken i saka kan denne bygningen oppsummerast med at det i vedtak datert 01.10.21 er gitt løyve til oppføring av bygningen som vart etablert i 2007.

#### Påbygg av redskapsbod på «løen»

Utan å gå inn på historikken i saka kan dette påbygget oppsummerast med at det i vedtak datert 01.10.21 er gitt løyve til oppføring av bygningen som vart etablert i 2007.

#### Bruk av hovedplan i «løen»

Løyve som vart gitt i byggesaka med vedtak datert 01.10.21 tek ikkje stilling til kva som er godkjent bruk av eksisterande areal som allereie var etablert før 2007.

Avdeling for miljø og tilsyn i Alver kommune forstår saka slik at det har vore uklart om kva bruk av hovedplanet i «løen» som er godkjent. Bygningen har opprinnelig vore ei løe, men er på eit seinare tidspunkt blitt teke i bruk som anneks til eksisterande bustad. Etter kva informasjon kommunen sitt med i saka ser vi at endringa sannsynligvis har skjedd i tidsrommet 1960-1990. Kommunen ser det som vanskeleg å innhente ny informasjon som kan belyse saka fullt ut i forhold til kva som reelt sett er godkjent gjennom bygningsmynde.

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Tiltakshavar har i 2021 fått endra bygningen i matrikkelen frå «Annen landbruksbygning» til «Garasjeuthus anneks til bustad»

Etter ei konkret vurdering finn avdeling for miljø og tilsyn at dette er ein hensiktsmessig definisjon av bygningen. Kommunen kan basert på tilgjengeleg informasjon ikkje fastslå at bruk av areal på hovudplan som anneks til bustad er ulovleg. Det presiserast samstundes at bygningen ikkje har status som ei eiga bueining, men som eit anneks til den eksisterande bustaden.

**Kommunen avsluttar oppfølging av saka**

Avslutning av sak om mogleg ulovleg tilhøve er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Astrid Karin Ystebø Monsen

Søråshøgda 39

5235 RÅDAL